



Britt Karin Mundal  
Vardevegen 100D  
5141 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/4037 - 15/36989

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
08.12.2015

## Gbnr133/5 Soltveit søndre. Førebels tilbakemelding på søknad om løyve til deling.

Kommunen har motteke dykker søknad om løyve til å dele frå nausttomt med påståande naust og parsell til bustadhus, frå gnr.133 bnr.5 i Lindås.

Søknaden krev at det vert gjeve dispensasjon frå gjeldande plan, og sak vert først sendt på høyring til overordna mynde som er Fylkesmannen og Fylkeskommunen i Hordaland.

Søknaden hadde nokre manglar, og medan søknaden er til høyring ber kommunen om at de får ordna opp slik at dei manglande opplysningane/dokumenta kjem på plass.

1. Løyve til deling av tomt til bustad krev at kommunen som vegstyremakt har gjeve løyve til utvida bruk av avkjøring til Gangstøvegen. Planavdeling ber om at de innhentar slikt løyve.
2. Løyve til deling krev og at det ligg føre erklæring frå hovudbruket om at ny frådelt tomt får rett til å nytte garden sin veg fram til der veg til tomta vert bygget.
3. Løyve til deling krev at det er gjort greie for korleis nytt bustadhus skal løyse tilknyting til kloakk og vassforsyning. Dersom tilknyting krev at det må gravast leidningsnett over t.d. hovudbruket eller andre sin grunn, må dei som vert råka av tiltaket, gje skriftleg rett over sin grunn. Seinare dersom frådeling vert godkjend, må rettane tinglystast.

Planavdelinga vonar desse punkta kan ordnast raskt. Oppmåling av ny grunn vil ikkje verte gjort før rettane det er spurt etter er avklara.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*





**Mottakarar:**

Britt Karin Mundal

Vardevegen 100D 5141

FYLLINGSDALEN